



Saksframlegg

Heim for ein 50 lapp, bruk av midlar til transport ungdom,

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ungdomsrådet		

Endeleg vedtaksrett i saka har Fyresdal ungdomsråd

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

Fyresdal kommune har tidlegare hatt ei ordning for transport av ungdom i helger til kr 50,- pr. tur. Dette har vore i samarbeid med drosjenæringa. Ordninga blir innført under pandemien, og vidareført i etterkant. Vi fekk aldri ordninga til å verke etter intensjonen, og denne blei derfor lagt ned med verknad frå 01.01.2024. Pengane til ordninga, om lag 50.000,- blei ikkje tatt bort frå budsjettet, det var ynskjeleg frå ungdomsrådet at dei skulle nyttast til ungdom og transport på ein eller anna måte.

Ungdomsrådet har kome det framlegg om å få til ei ordning kor dei unge kan kome seg «heim for ein 50 lapp» når drosjene er ute og køyrer likevel. Saka blei fyrst fremja på novembermøte i ungdomsrådet med ynskje om få til ei ordning. Drosjenæringa blei invitert på fyrste møte over nyttår 5. februar.

Vurdering:

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for oppvekst og utdanning: **Rusførebyggande arbeid for ungdom skal prioriterast.***

Dette framlegget har kome frå ungdomen sjølv, og det i seg sjølv gjer det verd å prøve ut. Det er viktig å presisere at ansvaret for ordninga i stor grad då blir lagt til ungdomen, og vurderinga om det er mogleg å få til transport, blir lagt til drosjenæringa.

Ungdomsrådet, administrasjonen og drosjenæringa har drøfta seg fram til fylgjande løysing:

- Ungdommen sjølv kan avtale transport med drosjenæringa om dei veit om større arrangement. Dei må då vite at dei «brukar av» det tal turar ein har blitt einige om kvart år.
- Ungdomen må sjølv kunne sei noko om talet på besøkande på arrangement. Det må vere minimum **10 personar** som trenger transport pr. arrangement
- Drosjene vurderer sjølv om dei kan stille med drosje eller ikkje, dei vil bruke buss for å samle så mange så mogleg på kvar tur, der det er mogleg.
- Aldersgrense 16-25 år. Yngre kan og sjølvsgagt køyre med
- Turane bør bestillast så god tid som mogleg i forkant, jo tidlegare bestillinga til drosja kjem, jo større er sjansen for at drosjenæringa kan stille.
- Det er Fyresdal Taxi som skal kontaktast, telefonnummer 953 03 500

- Oppstart 01.04.2025 med maksimum seks turar pr. år.
- Dette vil vere ei prøveordning ut året i 2025.
- Alle turar må vere innafor kommunegrensa.

Drosjenæringa får ei godtgjering på kr 5.000,- for kvart arrangement, med fråtrekk av egedel.

Konklusjon:

Med tanke på det rusforebyggjande arbeidet, er det svært viktig å ha ei transportordning som fungerer. Vi har ingen kollektivtransport å rekne med på kveldstid, og vi har god dokumentasjon på kva som kan skje om det ikkje er transportmoglegheitar for dei unge. Denne ordninga er foreslått av dei unge, og kan vere ei klok måte å få til ei ordning på.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune stør framlegget om «Heim for ein 50 lapp» versjon 2025, med fylgjande retningslinjer:

- Ungdommen sjølv kan avtale transport med drosjenæringa om dei veit om større arrangement. Dei må då vite at dei «brukar av» det tal turar ein har blitt einige om kvart år.
- Ungdomen må sjølv kunne sei noko om talet på besøkande på arrangement. Det må vere minimum 10 personar som trenger transport pr. arrangement
- Drosjene vurderer sjølv om dei kan stille med drosje eller ikkje, dei vil bruke buss for å samle så mange så mogleg på kvar tur, der det er mogleg.
- Aldersgrense 16-25 år. Yngre kan og sjølv sagt køyre med
- Turane bør bestillast så god tid som mogleg i forkant, jo tidlegare bestillinga til drosja kjem, jo større er sjansen for at drosjenæringa kan stille.
- Det er Fyresdal Taxi som skal kontaktast, telefonnummer 953 03 500
- Oppstart 01.04.2025 med maksimum seks turar pr. år.
- Dette vil vere ei prøveordning ut året i 2025.
- Alle turar må vere innafor kommunegrensa.

Drosjenæringa får ei godtgjering på kr 5.000,- for kvart arrangement, med fråtrekk av egedel.

Med løyving frå 1261.170.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur